

Gunnar Skirbekk

## «Norsk filosofi»?

Det norske filosofimiljøet frå etterkrigstida og framover, om lag 50 år – grovt sagt, frå frigjeringa (1945) til Bologna-avtalen (1999) – dét er temaet.

Dessutan, dette er ikkje ein omtale av bestemte personar. Heller ikkje ein løpande bokomtale. Det er eit skråblikk på filosofien dei første ti-åra etter krigen, med vekt på nokre sentrale trekk, slik eg ser det.<sup>1</sup>

Denne etterkrigstida var på mange måtar ein gründer-periode. Vel hadde vi hatt ein eller to universitetstilsette filosofar ved Det kgl. Frederiks, frå Treschow over Monrad til Harald Schjelderup (som i 1928 fekk omgjort professoratet, frå filosofi til psykologi). Men det var med den unge Arne Næss og miljøet rundt han at filosofien «tok av» her til lands – ved ein ny start, og i så måte som ein ‘nessanse’ snarare enn ein ‘renessanse’.<sup>2</sup>

### *Særtrekk?*

Eit par ti-år etter Krigen, frå midten av 1960-talet, var filosofimiljøet frodig og mangfaldig. Kan vi tale om særtrekk hos norske filosofar i denne etterkrigsperioden? Eg trur det. Her er fire implikasjonsrike karakteristika, slik eg ser det:

- (i) Stridig forsoning mellom analytisk og kontinental filosofi.
- (ii) Interesse for politikk og politisk filosofi.
- (iii) Interesse for vitskap og vitskapsfilosofi.
- (iv) Interesse for offentleg samtale og for examen philosophicum som folkeopplysning og allmenn fornøktring.

(i)

Bak det heile lurar Krigen (som jo er alle tings far, skal vi tru Heraklit). Analytisk filosofi versus fenomenologi og eksistensfilosofi, det var i samtida også ein strid mellom det anglo-amerikanske og det tyske, med det franske i tillegg – umiddelbart prega av okkupasjonstida,

men med ein undertekst prega vår geo-kulturelle posisjon, mellom England og Kontinentet. Som påminning om det sistnemnde poenget: For den oppveksande slekt kan det i dag vere lett å oversjå kor nært forholdet til Tyskland og tysk kultur var i tidlegare tider. For eksempel, om lag ein tredjedel av undersåttane under danskekongen var tyskspråklege, i stor monn galdt det også for kongehuset og mange høgtstående og progressive embetsmenn, slik som Struensee; og det galdt for handel og gruvedrift, for luthersk teologi, og for vitenskap og teknologi fram til første verdskrig. Og kor var det norsk kunst og kultur kom ut i den store verda? Ikkje i England, ikkje i Frankrike, men via det tyskspråklege området. Så nært! Eit kuriosum, på dødsleie tala Karoline Bjørnson tysk, for det hadde ho lært heime i Bergen.

Kort sagt, striden gjekk djupt og striden var emosjonell. For eksempel, då Arne Næss skreiv om Heidegger i læreboka i filosofihistorie, reagerte vennen og bergensaren Harald Ofstad, professor i filosofi i Stockholm, med heilag vreide: Næss skulle ikkje ha «strukit» slike folk «medhårs», «utan i stället ha[] gnuggat dem, knådat dem och stekt dem».<sup>3</sup> (Er det «hate speech» det heiter i dag?) Så dette var den sosio-kulturelle konteksten; og den spela med. For filosofi er ein situert praksis, eksistensielt og politisk – ikkje berre ein reint intellektuell aktivitet, «over snippen».

Men sjølv sagt, som fagfilosof måtte ein fagfilosofisk gjennomtenkje og bearbeide det tradisjonelle skiljet mellom analytisk og «kontinental» filosofi, t.d. mellom Russell og Ryle, og Austin og Strawson på den eine sida og Heidegger og Husserl, og Sartre og Merleau-Ponty på den andre – og med Wittgenstein som meir av «a moving target» i denne samanhengen. Her var det mange som bidrog. I ettertid er det gjerne diskusjonane mellom Arne Næss og Hans Skjervheim, og miljøa rundt dei, som blir framheva – t.d. med referanse til Næss' *Erkenntnis und wissenschaftliches Verhalten* (på tysk, 1936) og Skjervheims *Objectivism and the Study of Man* (på engelsk, 1957). Men det var fleire som deltok i dette faglege formidlingsarbeidet. Dagfinn Føllesdal arbeidde med Husserl og Quine. Jakob Meløe (og «jakobinarane» i Bergen) arbeidde med den seine Wittgenstein, med «prakseologiske» føresetnadsanalysar av enkle handlingar, i opposisjon til «possibilismen» hos Næss, som då var på veg bort frå sin tidlegare reduksjonisme.

Her som ofte elles i filosofien: ikkje alt kom på prent; samtalanane levde sitt liv på livlege seminar og seine Nachspiel («den vackraste visan om kärleken...») – dét galdt ganske allment, på 60-talet og utover, ikkje minst hos nerdete natteramnar som Jakob Meløe og Hans Skjervheim, som omgav seg med nyfikne og diskusjonsglade kollegaer og studentar. I dette

filosofiske formidlingsarbeidet, mellom analytisk og «kontinental» filosofi, inngjekk det også årelange seminar og diskusjonar ved Universitetet i Bergen, med utgangspunkt i den seine Wittgenstein og den tidlege Heidegger – ei forlenging av «prakseologien» med innslag både frå Kant og analytisk språkfilosofi i samtida – ankerpersonar var Kjell S. Johannessen, Tore Nordenstam, og Gunnar Skirbekk.<sup>4</sup>

(ii)

Mange vestlege filosofar vart politisk interesserte og engasjerte under Vietnam-krigen og studentopprøret på 1960-70-talet. Norske filosofar vart «politiserte» lenge før. Under Krigen. Ikkje berre som privatpersonar, men også som filosofar: Arild Haaland skreiv doktorgradsavhandling om nazismen (*Nazismen i Tyskland. En analyse av dens forutsetninger*, 1955). Arne Næss var (i 1948-1949) leiar for eit UNESCO-prosjekt om demokratiet og aust-vest-konflikten (saman med Jens A Christophersen and Kjell Kvalø, *Democracy, Ideology, and Objectivism: studies on the semantics and cognitive analysis of ideological controversy*, 1956). Som student kom Knut Erik Tranøy tilbake frå tysk konsentrasjonsleir (jf *Tysklandsstudentene*, Michael Sars og Knut Erik Tranøy, 1946) og hadde tenkt å bli diplomat, før han gjekk over til filosofien. Hans Skjervheim avtente verneplikt i Tysklandsbrigaden, og vart seinare kjend med Karl-Otto Apel og Jürgen Habermas.

Då politiseringa kom på slutten av 60-talet, var norske filosofar i stor grad både politisk engasjerte og rimeleg vel bevandra i politisk teori, t.d. frå Kant over Hegel til Marx, og vidare til nymarxisme og samtidig politisk tenking (jf t.d. Pax-bøkene *Essays om Hegel og Marx* ved Jon Elster, *Er ideologiane døde?* med bidrag frå Øyvind Østerud, Jon Hellesnes, Gunnar Skirbekk, Eyvind Dalseth og Audun Øfsti, begge 1969, og *Nymarxisme og kritisk dialektikk* ved Gunnar Skirbekk, 1970, med litteraturliste over norske bidrag 1957-1969).

(iii)

Miljøet rundt den unge Næss var genuint interessert i forskning. Næss sjølv var mest interessert i empirisk forskning, i naturvitskapane, men også på andre felt. Oslo-skolen i semantikk la nettopp vekt på empirisk gransking, i kontrast til språkfilosofar som tok utgangspunkt i

førsteperson-innsikt hos dei som bruker sitt eige morsmål (jf språkfilosofien hos Austin og Ryle, i kontrast til den empiriske semantikken hos Næss, t.d. i artikkelen «Truth as Conceived by those who are not Professional Philosophers» frå 1938). *Inquiry* var namnet på tidsskriftet som Næss skipa i 1958. Rundt han var det unge samfunnsforskarar som Vilhelm Aubert, Johan Galtung og Stein Rokkan.

Men også forskarar som stod i ein kritisk dialog med Næss, slik som Hans Skjervheim og Dag Østerberg, kom med innspel til debatten om dei nye samfunnsvitskapane, ikkje minst om dei filosofiske føresetnadene og dei dominerande paradigma i denne samfunnsforskninga. Her inngår positivismedebatten, med utgangspunkt i dei nye samfunnsvitskapane (jf t.d. Hans Skjervheims «Deltakar og tilskodar» og andre vitskapsfilosofiske essay med fokus på samfunnsvitskapane).

Denne debatten fekk også nedslag i sentrale humanistiske fag, som i diskusjonen mellom Egil A. Wyller og Knut Erik Tranøy om metodeproblem i åndsvitskapane (jf *Brytninger i tidens tankeliv*, ved Asbjørn Aarnes, 1960).

Kort sagt, her var det diskusjonar på eit breitt felt, overfor ulike vitskapar og fagmiljø. Det som kanskje kan framhevast som ein felles leist, er ei blanding av genuin interesse for det som folk i andre fag arbeider med, og ein nærgåande kritikk av det filosofane såg som uforløyste føresetnader og innsnevrande perspektiv. Ikkje avstandskritikk, og heller ikkje underdanig servilitet overfor andre fag. I så måte la ein opp til eit tverrfagleg samarbeid som på same tid er respektfullt og kritisk. På sikt skulle dét bere frukter, jf Jeløya-konferansen i regi av forskingsrådet i 1975, der faget «vitskapsteori» vart definert og promovert, med Knut Erik Tranøy som ein sentral person, men med deltaking av viktige forskarar frå mange disiplinær (meir seinare).

(iv)

I ettertid har det vori vanleg å framheve motsetningane, t.d. mellom Næss og Skjervheim. Sant nok, der og då – på det filosofiske plan. Men då er det lett å oversjå at dei i praksis hadde mykje til felles. Ikkje i personleg stil, den var ulik, på mange vis. Men i verdsetjinga av filosofi som tøff, men sakleg diskusjon (*Auseinandersetzung* seier tyskarane, *holmgang* sa ein i Bergen). Og idealet om universitetet som eit kritisk og sjølvkritisk fellesskap, prega av fagleg fridom og engasjement – eit kreativt aristokratisk anarki, om vi kan uttrykke det slik.

Det forutseielege og kontrollerte universitetsliv, i undervisning og forskning, var dei begge imot. Felles var også synet på offentleg samtale, det at filosofane bør delta i offentlege diskusjonar om sentrale samfunnsspørsmål – anten det gjeld krig og det gode liv, eller vitskapens rolle i moderne samfunn. Her kjem erfaringane frå krig og okkupasjon inn på nytt: filosofane, også filosofane, har eit medansvar for å halde oppe ein open og opplyst samtale om viktige spørsmål.

Skjervheims revitalisering av det kritiske filosofiske essayet er eit uttrykk for dette. Det same gjeld for Næss' arbeid med tolking og presisering, og argumentasjonslære, som fast innslag i dei førebuande prøvene. Nyttig for framtidige akademikarar, ja visst – men også viktig, ja særleg viktig for å motverke ullen og uklar retorikk, slik vi hadde opplevde det i striden mellom totalitære ideologiar, med fatale konsekvensar.

Underteksten, både for Næss og Skjervheim, er kampen for fornøktring og opplysning. Dét er det lett å gløyme, når ein (med god grunn) drøftar dei filosofiske motsetningane mellom dei to (til ulike tidspunkt). I så måte kan dette minne om Popper og Habermas. Usamde filosofisk, men begge går inn for det opne samfunn. Falsifisering versus den tvangsfrie tvang av dei betre argument. Tolking og presisering versus den kritiske refleksjon. Konfrontert med mørkemaktene blir fronten den same.

Alright. Vi har her, med nokre kjappe grep, prøvd å vise at norsk filosofi i etterkrigsperioden kan seiast å vere prega av fire karakteristika – filosofisk forsoning mellom analytisk og «kontinental» filosofi, interesse for politikk og politisk tenking, interesse for forskning og for vitskapsteori, og vilje til å vere med i den offentlege samtalen og bidra til nøktern folkeopplysning, også som undertekst for arbeidet med dei førebuande prøvene. Og så er det samspel og overgangar mellom desse fire særdraga. Uansett, det får bli med dette, i denne omgangen.

### ***Institusjonelle rammer***

Som supplement til dette meta-filosofiske perspektivet kan vi minne om nokre grunntrekk ved den institusjonelle situasjonen for norsk filosofi i denne perioden.

Det er naturleg å starte med examen philosophicum, og det av tre grunnar: (a) Med examen philosophicum har norske filosofar ein brei kontakt med ungdom under utdanning. Det inneber samtidig at norske filosofar må lære seg å snakke på ein forståeleg og relevant måte, om grunnleggjande filosofiske spørsmål, overfor unge folk. Tilsvarende for dei som skriv lærebøker. På sitt beste kan dette vere ei nyttig trening. (Så kanskje det ikkje er heilt tilfeldig at ein litterær variant av det som var tenkt å skulle bli ei lærebok i filosofihistorie, enda opp som ein internasjonal suksess – *Sofies verden* av Jostein Gaarder.) Men her som så ofte elles kan situasjonen lett bli tvtydige. Når examen philosophicum blir skilt frå fagstudiet og frå pågåande forskning, og når studentane blir mange og krevjande – slik at lærarane må lese «nedover», i staden for å lese «oppover», eller på tvers, ved å lese og diskutere med kvarandre – då står opplegget i fare for å bli ei påkjenning. (b) I gründer-perioden, dei første ti-år etter krigen, kan opplegga til examen philosophicum – filosofihistoria med tolkingslære og argumentasjon – ha spela ei viktig rolle som felles læringsarena for unge filosofar, og dermed som ei felles fagleg referanseramme. Kva dei no elles dreiv med, filosofane, dei kunne klassikarane og dei såg verdien av tolking og presisering og av sakleg argumentasjon! Det er ikkje lite berre det. (c) Og så kom eksplosjonen i universitetssektoren. På kort tid, særleg frå tidleg på 1960-talet og framover, fekk vi ei rivande utvikling av universitetssektoren. Og fordi alle studentar ved norske universitet (med få unntak) skulle ha examen philosophicum, fekk vi mange faste stillingar for filosofar. Når det gjeld faste universitetsstillingar, vart vi raskt ei «stormakt» i Norden. (Det vart sagt at berre institutta i Toronto og Beijing hadde fleire fast tilsette filosofar enn instituttet i Oslo.) Etter krigen hadde Arne Næss det eine faste professoratet. Derfor hadde folk rundt han gjerne ein bakgrunn eller eit fotfeste i andre fag – Vilhelm Aubert, Stein Rokkan, Johan Galtung, men også Hans Skjervheim, kom frå sosiologien, Egil A. Wyller var også filolog, og Guttorm Fløistad var offiser. Noko skal ein leve av, og noko skal ein leve for (som presten sa). Fast stilling ved universitetet, som filosof, var det få som drøymde om. Desto meir dramatisk var stillingsekspljosjonen i den etterfølgjande perioden. Og fordi det vart stillingar ved universiteta, vart det også fleire som satsa på filosofi som fagstudium, noko som igjen førte til fleire stillingar ved universiteta.

Kort sagt, talar vi om dei institusjonelle rammevilkåra for filosofien, kjem vi ikkje utanom examen philosophicum – på godt og vondt. Men det er også eit par andre faktorar som bør nemnast i den samanhengen: (i) Nettopp fordi gründerane i norsk filosofi ikkje berre dyrka tradisjonelle faginterne problemstillingar, men også viste interesse for forskning i andre fag, framstod filosofien etter kvart som ein respektabel aktivitet også blant kollegaer i andre fag.

Framstående filosofar vart sett på som fagleg relevante og som personar ein kunne samarbeide med. Knut Erik Tranøy, gründer av filosofimiljøet ved det nyoppretta universitetet i Bergen, er eit typisk døme. Dagfinn Føllesdal eit anna. Filosofane opparbeidde ein sosial «kapital» (jf Bourdieu) i andre fagmiljø. Det er nærliggjande å sjå Jeløya-konferansen i 1975 i dette perspektivet. Interesse for politiske utfordringar og politisk tenking slo ut i same lei. Det same kan seiast om deltakinga i det offentlege rom. Filosofane var synlege, på mange arenaer – frå Arne Næss til Hans Skjervheim, frå Egil A. Wyller til Arild Haaland, frå Dagfinn Føllesdal til Jon Hellesnes. (ii) I tillegg kom media-situasjonen: Avisene tok inn lange kronikkar, allmenntidsskriftene hadde høge abonnenttal, og med studentrevolten vart diskusjonane heftige. Dette gav gode vekstkår for filosofien i den første perioden (før AKPml kom inn og øydela diskusjonskulturen<sup>5</sup>). Gymnas og universitet var enno eliteinstitusjonar, no befolka av «gåverik ungdom» frå landet og frå andre sosiale sjikt enn dei som tidlegare hadde dominert. (I så måte var 1968 eit tilsvar til 1884: folket inntok bastionen for den dansk-norske embetsstanden, universitetet.<sup>6</sup>) Studia innanfor forskingsfakulteta (HF, SV og MatNat) var enno opne og frie, med rom for lesing og diskusjon på tvers av fag og utover oppstilte pensa. Lærarane og lektorane hadde arbeidsforhold som gjorde det mogleg å følgje aktivt med i diskusjonar og faglege publikasjonar. Og litteratur på tysk og fransk var som oftast ikkje ei hindring for den som hadde examen artium ved eit norsk gymnas.

### *Tre tidsbilde*

Media den gong var aviser, bøker, tidsskrifter og offentlege møte. Her er tre tidsbilde av filosofiske feidar i norske media.

(i)

Då Arne Næss lanserte ei nye lærebok i filosofihistorie for dei førebuande prøvene i 1953, førte det til ein lang og vidløftig debatt i tidsskriftet *Farmand*, ein debatt som tok til den 23. januar i 1954, ved ei bokmelding av Amund Hønningstad, og som vara heile våren, fram til juni, med innlegg i nummer 7, 8, 9, 11, 12, 13, 14,15-16, 17 18, 20, 21, 22, 23, 24 og 25.<sup>7</sup> Debatten resulterte i eit møte i Ingeniørenes Hus, som vara frå klokka 20 til klokka eitt om natta. Debatten viste at det var interesse for filosofi, og at det fanst ei ulmande misnøye med Næss' filosofi. Innvendingane gjekk særleg ut på at filosofien hans ikkje gav hjelp i

livsførselsspørsmål (denne innvendinga går tilbake til ein bokomtale av Emil Smith, i ein kronikk i *Dagbladet* 24. juli 1953). Mot desse innvendingane vart det frå næssiensk hald svara at vi bør skiljet mellom å «forkynne» eller «suggerere» og å fremje «logisk og saklig meningsutveksling». I bakgrunnen ulmar «positivismestriden» (i referatet frå møtet i Ingeniørenes Hus dukkar Skjervheims namn opp, som ein av dei som tok ordet). Men allereie fem år seinare, i 1959 (i *Festskrift til A. H. Winsnes*, professor i idéhistorie), publiserte Næss ein artikkel som inneheldt ein klar kritikk av empirismen, og som munnar ut i filosofisk skeptisisme (og mot slutten av livet publiserer Næss publikumsvennlege skrifter om livsfilosofiske spørsmål, t.d. *Livsfilosofi* frå 1998). Kort sagt, medie-institusjonane den gong – aviser, bøker, tidsskrifter, offentlege møte – gav rom for stridig ordskeft om filosofiske spørsmål, jamvel om kvaliteten på mange av innlegga kunne vere så som så.

(ii)

I 1959, fjorten år etter Krigen, vart det gitt ut to bøker der Heidegger er inspirator og der Heideggers filosofi får positiv omtale, nemleg *Fra Homer til Heidegger*, og *Tidsproblemet hos Olaf Bull. Et eksistensfilosofisk bidrag*, begge forfatta av Egil A. Wyller. Wyller skriv mellom anna om Heideggers «sannhetsbegrep», og dermed var debatten laus. Og ikkje utan grunn. Wyller hevdar at Heidegger søker «hen til diktningens spesifikke form for sannhet» og at dette munnar ut i ein analyse av «usannheten, løggen». Vidare seier Wyller at «[v]ed å uttrykke seg slik under en av Europas skjebnetimer, bidro vel Heidegger til den begrepsforvirring med tilhørende moralsk instinktfordervelse, som ble en vesentlig betingelse for den tyske tragedie». Vi minner om at Wyller samtidig meiner at Heidegger er ein viktig filosof.

Slik vart Heideggers sanningslære lansert her i landet. Reaksjonane lét ikkje vente på seg. Nest år, i 1960, gav Johan Torgersen, profilert professor i anatomi, ut boka *Naturforskning og katedral*, der det heller ikkje vart spara på krutet. Under overskrifta «Tanken som naturens og menneskets fiende» kan vi lese: «Heidegger, heter det hos en av våre idéhistorikere [Wyller], har funnet tilbake til sannhetsbegrepet i det dunkleste av det dunkle, hos en Heraklit, for hvem 'alt flyter', det ikke skjulte over i det skjulte, sannhet over i løgn, væren i ikke-væren. Visstnok, heter det, bidro denne filosofien til den moralske forvirring som ble Tysklands siste ulykke, men dette er ikke noen grunn til å forkaste den som usann.» «Om nazismen er død, er den tyske filosofi like rik på ingredienser til resepter av



samme art, ...» «Heideggers være og ikke være er den Goebbelske døds kultus. Hans lære om løgn og sannhet, som bygger på det selvfølgelige, at de betinger hverandre, blir i praksis det Goebbelske forhold til sannheten.» Av Tollak Sirnes, professor i psykiatri, vart Torgersens bok omtala på denne måten: «I dag, med Heidegger, er den tyske filosofi snarere oraklets organ par excellence – med en bestemmende innflytelse på politikken, en innflytelse som er like sterk i dag, bare at den er så vanskelig å gjennomskue. Han [Torgersen] er enig med Schweigaard som skrev: ‘Den tyske filosofi har gjort meget ondt, den har fordervet mange gode ånder, det er på tide å gjøre det av med den’.» «Mens Torgersen frykter den tyske mentalitet slik den har gitt seg uttrykk i tysk filosofi og politikk, er han en beundrer av engelsk mentalitet.» Den 12. april 1961 publiserer professor Torgersen ein kronikk i *Verdens Gang*, med tittelen «Hitler er død – Heidegger leve!». Debatten heldt fram.<sup>8</sup> Poenget vårt er dette: Media gav rom for debatt om filosofiske spørsmål, og debatten hadde temperatur. Engelsk mot tysk. Dei geo-kulturelle spenningane i etterkrigsperioden kjem klart til uttrykk.

(iii)

Filosofien stod ikkje sterkt i Noreg, fram til etterkrigstida.<sup>9</sup> «Nordmenn les ikkje filosofi», det var svaret som vart gitt av ein tidlegare forlagskonsulent då han sommaren 1958 fekk sjå eit manuskript som bar tittelen *Nihilisme? Eit ungt menneskes forsøk på å orientere seg*. Men Hans Skjervheim fekk sjå det. Asbjørn Aarnes og Egil A. Wyller fekk sjå det. Forleggar Johan Grundt Tanum vart kontakta. Før jul hadde boka gått i to opplag. Etter 13 månader var boka omtala av eit 70-tals personar i over 40 ulike aviser og tidsskrifter, i tillegg til korte pressemeldingar.<sup>10</sup> Noko hadde skjedd. Tida var overmoden. Nordmenn las filosofi. Tanum fekk blod på tann. Bokserien *Idé og tanke* kom i gang to år etter (i 1960, fram til 1985). Snart kom Pax-bøkene (1964). Det var ei vårløysing for filosofisk litteratur i norske forlag og i det offentlege rom meir allment.

Ein av dei som fylte rommet, var Hans Skjervheim. Med Skjervheim fekk vi på mange måtar eit nytt klima, eit nytt intellektuelt klima. Han var ikkje berre særeigen med tanke på tema, men også med tanke på arbeidsmåte og veremåte, som filosof og intellektuell. For det første, han var ein samtalens mann, ein folkeleg Sokrates, som gladeleg diskuterte med alle – med studentar og kollegaer av ulikt slag, og med folk flest, høg og låg. For det andre, han dyrka det filosofiske essayet, tekstar som kan lesast med utbyte på ulike nivå, av lek og lærd. Kort sagt, eit nytt intellektuelt klima. Men han var ikkje aleine. Han stod i si tid, frå slutten av

50-talet, gjennom 60-talet og fram på 70-talet. Det var endringar på gang. Studentopprør og ekspansjon i universitetssektoren. Her var Hans Skjervheim i sitt ess. I alle fall: han dukka opp på ulike stader og til ulike (og underlege) tider, der det vart tenkt og diskutert. Ofte uoppfordra, og ubeden, som når han sveiv i gangane og banka på dørene hos kollegaer (i ymse fag), anten for å fortelje om noko han hadde funni hos Husserl eller Hegel, eller for å fortelje rette vedkommande at han eller ho er ureflektert, og at dei i grunnen har misforstått det dei driv på med. Slikt blir det trøkk av. Men fred er ei det beste, når ein vil fremje fruktbar drøfting og fagleg kvalitet. Universitetspolitisk var han, liksom Arne Næss, ein slags aristokratisk anarkist: brodd mot det nye universitetet med målstyring og ytre kontroll, brodd mot det gamle universitetet som nedstøva embetsmannsskule. Saman med folk som Næss og Tranøy var Skjervheim ein av dei som fornya norsk filosofi i etterkrigsperioden. Vi minner om dei nemnde fire punkt: (i) forsoning mellom kontinental og analytisk filosofi (som også var ei geo-politisk forsoning mellom det tyske og det angloamerikanske), (ii) interesse for vitskapane (kritisk, men positiv til vitskapleg forskning), (iii) interesse for politikk (før Vietnam, prega av erfaringane frå verdskrigen), og (iv) interesse for offentleg samtale (ikkje som «popularisering», men som open og opplyst meiningsutveksling). – Og når vi no er så godt i gang, kan vi sjå litt stort på det: I 1884, 70 år etter 1814, måtte embetsregimet vike plassen for den folkelege opposisjonen. Men universitetet, Det kgl. Fredriks, var framleis embetsstandens bastion. Vel 80 år seinare, utpå 1960-talet, då universitetssektoren ekspanderer og studentopprøret set inn, vart universitetet endra. Eit nytt klima, nye kodar. Her vestpå, ofte ved gåverik ungdom frå landet, for ikkje å seie, frå landsgymnaset. Nye folk, og nye paradigme, som Kuhn seier. Og midt i dette står Skjervheim, filosofisk og folkeleg på same tid. Men, kor lenge var Adam i paradiset? Kor lenge var Hans i sitt ess? (a) Universiteta vart masseinstitusjonar, med målstyring og kontrollregime, med fagleg spesialisering og fragmentering, der kvar er salig i sitt fag – filosofar utan samfunnsvitskapleg skulering, samfunnsvitarar utan filosofisk skulering. Og når universitetsfolk ikkje tar dei tverrfaglege holmgangane på heimebane, kan det ende som komedie i media, som hos Eia. Kva anna kan ein vente? (b) Med AKPml vart diskusjonskulturen rasert – strategisk handling i staden for gjensidig jakt etter betre argument; overtale i staden for å overtyde. (c) Og med marknadsstyrte massemedia tok journalismen over i viktige fora for offentleg meiningsutveksling; målet er å selje «produktet», eventuelt å «setje dagsorden» og i så måte å påverke og overtale, snarare enn å dyrke den tvangsfri tvang ved dei betre argument. (d) Og dei tunge institusjonane, på marknaden og i offentleg forvaltning, tok over – i tillegg kom frittsvevande direktorat og konsulentar med uklar kompetanse, og personar som glir mellom

det å vere politisk valde og ha folkets tillit, og det å arbeide for ein marknadsstyrt PR-bransje. - Tida vart tyngre, også for Hans Skjervheim. Klimaet vart eit anna. Då han gjekk ut av tida, i 1999 (det året Bologna-avtalen vart underskriven<sup>11</sup>), hadde mangt forandra seg, også for filosofien, fagleg og institusjonelt.

### *Universitetet i Bergen*

Med fleire universitet her i landet vart også filosofien og filosofiens kår meir mangfaldig. Her er nokre merknader til det som skjedde ved Universitetet i Bergen, og det kan då vere naturleg å fokusere på Knut Erik Tranøy: Han kom til Universitetet i Bergen i 1959 som professor i filosofi ved Filosofisk institutt, som var oppretta same år, og han vart "the founding father" for instituttet, til hell og lykke for instituttet og for den status faget fekk ved Universitetet i Bergen. Han var rett mann på rett plass til rett tid. Grunnane er mange. Hans faglege soliditet, hans pedagogiske evner, hans administrative grep, og hans tillitvekkande omgang med kollegaer i andre fag. Samla sett gav dette ein lykkeleg start for instituttet. Då han drog tilbake til Oslo etter nær 20 år, kunne faget og instituttet leve vidare på det grunnlaget han hadde lagt, og på den "sosiale kapital" han hadde opparbeidd for filosofien ved universitetet. Det er grunn til å framheve det Knut Erik Tranøy har betydd på fleire område: Han kom til Bergen med fagleg og personleg kjennskap til Ludwig Wittgenstein. Dette slo rot i miljøet, både fagleg og institusjonelt. Det var særleg Kjell S. Johannessen og Tore Nordenstam som vidareførte tenkinga ut frå Wittgenstein, med vekt på den seine Wittgenstein (og med Jakob Meløe som sjuande far i huset), mellom anna ved drøfting av ferdigheitskunnskap (såkalla taus kunnskap) og ved bidrag i humanioras vitenskapsfilosofi (med særleg fokus på estetikk). Samtidig vart eksempel-baserte føresetnadsanalysar av enkle handlingar, inspirert av Wittgenstein, drøfta og vidareutvikla ut frå talehandlingsteori og diskursteari, inspirert av Apel og Habermas; fokus var forholdet mellom situering og gyldigheit, seinare også mellom rasjonalitet og modernitet.<sup>12</sup>

Tranøy kom dessutan med sterke interesser i moralfilosofi. Det er karakteristisk for hans opne sinn og intellektuelle kraft at han, som sekulær person, var ein internasjonal kapasitet på moralfilosofien hos Thomas Aquinas. Interessene hans for etiske spørsmål retta seg både mot filosofiske grunnlagsproblem og mot anvendt etikk. Han gjekk inn i dei nye diskusjonane innanfor medisinsk etikk, alltid i nær dialog med dei som arbeider i fagfeltet. I tråd med dette stod Knut Erik Tranøy dessutan sentralt i lanseringa av det som vart heitande

«vitskapsteori» her i landet. Såleis var han ankerperson for Jeløya-konferansen i 1975, der fagfeltet «vitskapsteori» vart definert som eit tverrfagleg forskingsfelt der empirisk og historisk forskning skulle kombinerast med kjennskap til det fagfeltet det vart forska på og der forskinga dessutan skulle vere filosofisk informert.<sup>13</sup> Senter for vitskapsteori ved Universitetet i Bergen er eitt av resultata av denne innsatsen. Og endeleg, Knut Erik Tranøy hadde sine skilsetjande erfaringar frå konsentrasjonsleirane i Tyskland, noko som mellom anna slo ut i ei sterk interesse for å halde opp ein sivilisert offentleg samtale. Han var aldri ein intellektuell i elfenbeinstårnet. Han deltok i det offentlege ordskiftet, og han signaliserte for dei yngre at også dette var ein del av kallet, som filosof og intellektuell. I samsvar med dette opplysningsidealet la han ned eit stort og avgjerande arbeid for examen philosophicum ved Universitetet i Bergen, både som ein glimrande førelesar og dermed som eit føredøme for dei yngre, og som universitetspolitkar som gav ex.phil. ein nye struktur prega av eit nært samarbeid med dei ulike fakultet. Knut Erik Tranøy gav yngre kollegaer på same tid frie hender og klare signal om fagleg soliditet. Betre kunne det ikkje vere. Under hans leiing, og i det gamle universitetssystemet då universitetet enno var eit universitet, var det mogleg å kombinere undervisning og forskning, og deltaking i offentleg ordskipte.

Instituttet i Bergen var ungt, med unge folk. Og i Bergen var det ikkje eit institusjonelt skilje mellom filosofi og idéhistorie. Dét hadde faglege implikasjonar. For, grunnholdninga blant Bergensfilosofane var at vi som filosofar er forplikta på *fornuft*, men at fornufta er *situert*. Dét kan seiast å vere eit felles utgangspunkt, anten ein var fenomenolog, språkfilosof, nymarxist, prakseolog eller transcendentalpragmatikar.

Geokulturelt ligg Bergen på Vestlandet, tida er 60-talet, og universitetet ekspanderer. Oppvakt og politisert ungdom, med (såkalla) motkulturell ballast, inntok universitetet. Dei var som nordmenn flest, men med eit anna perspektiv i tillegg. Dét lettar refleksjonen. Det bidrar til tvisyn. Folkeleg og filosofisk på same tid. Samtale med alle, høg og låg. *Sjå* dei ein talar med. Og skriftleg, det filosofiske essayet – tradisjonen frå Holberg og Vinje, til Skjervheim, Skirbekk og Hellesnes. Så vart det sagt at ved instituttet i Bergen var hovudmålet nynorsk, med tysk som sidemål. For, administrativt er vi homogene, men vi var meir fleirkulturelle enn mange er klar over.<sup>14</sup>

Som nemnt, Tranøy var ein av ankermennene bak Jeløya-konferansen (1975), og dermed i arbeidet for å styrke vitskapsteori her i landet. Vitskapsteori forstått som forskning om forskning, men med krav om at vi bør kjenne det faget og fagmiljøet vi forskar på (det som

vart kalla «dobbeltkompetanse»), og med krav om at ein bør vere filosofisk skolert og reflektert. Slik vart fagfeltet definert, etter initiativ frå forskingsrådet, og med pengar frå same instans, for å fremje faget ved alle fire universitet. Mellom anna vart framståande utlendingar inviterte, ofte med rundreise til fleire universitet. Folk var enno ublaserte. Ei reise til Tromsø – *die nördlichste Universität der Welt* – kunne framstå som attraktivt, også for ærverdige professorar som Gadamer eller von Wright. I Bergen, med utgangspunkt i Tranøys innsats, vart det oppretta eit permanent interfakultært senter for vitskapsteori (1987), som mellom anna fekk ansvaret for det vitskapsteoretiske opplegget til doktorgraden ved alle fakultet.<sup>15</sup>

Etter initiativ frå Tranøy vart examen philosophicum tilpassa dei ulike fakulteta. Dermed vart nye lærebøker skrivne. Samtidig omfatta undervisninga både førelesingar og gruppediskusjonar med skriftlege oppgåver. Læreboka i filosofihistorie for samfunnsfagsstudentane vart utarbeidd i samråd med studentane, ved bruk av enkle stensilutgåver i fire semester, før manuset gjekk til forlaget for bokutgiving (kapitalinteressene i forlagsverda måtte vente). Fleire reviderte utgåver følgde, også på andre språk, mellom anna langs Silkevegen, frå aust til vest, frå Beijing til Beirut, på kinesisk, usbekisk, tadsjisk, persisk, azeri, russisk, tyrkisk, serbisk, og arabisk – *A History of Western Thought*, på engelsk, ei filosofihistorie som samtidig omfattar vitskapar og modernisering. Kanskje var det derfor boka vart attraktiv for land i skjeringsflata mellom fallert marxisme og ekspansiv islamisme? «Kva er det med Vesten?» «Kva er det med moderniteten?»<sup>16</sup>

Filosofi høyrer ikkje heime berre i bokhyllene. Filosofi er også ein diskursiv praksis, gjerne ansikt til ansikt, der vi fysisk og sosialt «ser» dei vi talar med, og der vi i fellesskap søker betre innsikt. Diskusjonsgruppene var viktige, også for studentane til examen philosophicum. Fungerte det? Kanskje. I alle fall for somme, slik som for henne som på eit offentleg møte tok kontakt med sin gamle lærar og takka for sist: dei som var med i diskusjonsgruppa til examen philosophicum hadde haldi fram, heile studiet igjennom, og dei diskuterte enno, 40 år etterpå.

### ***Etterord***

Verda endrar seg. Vi endrar oss. Fleire folk i faget. Sterkare spesialisering. Dermed blir det verre å følgje med, utover eigen spesialitet og egne nettverk. I tillegg kjem det institusjonelle:

Bologna, med sterkare marknadsutsetjing og meir kontroll. Og med kortare kurs og kjappare prøver. I den monn filosofi er eit dannelsingsprosjekt som krev innsikt i mange posisjonar og diskusjonar, med fokus både på argument og på situering, og dessutan eit dannelsingsprosjekt som krev refleksjon over eigne og andres føresetnader, så er denne utviklinga ikkje av det gode. Sjølv sagt, drill er bra. Veldig bra. Men blir det berre drill, er det ille. Engelsk er også bra, som lingua franca. (Og heldige er vi som står det så nær.) Men det meriterande fokus på engelskspråklege artiklar i spesialiserte tidsskrift er ikkje bra for den offentlege samtalen på morsmålet, der også filosofien har ei gjerning å gjere. Og tapet av tysk og fransk som alternative framandspråk kan i mange tilfelle vere eit tap også for filosofien.

Men så er jo filosofien meir utbreidd enn tidlegare! Sant nok. Både i skule og i media. Godt så. Men ikkje berre godt. For det er ikkje gull alt som glimar. Og ikkje alt er filosofi som går under namnet. Ofte er det *philosophy light*. I hyllene hos bokhandlarane utgjør filosofien ein liten del i forhold til spiritisme og okkultisme og kvasireligiøse livssynsbøker. Så av og til kan ein lure på om «litt» filosofi, av det ulne slaget, er verre enn ingenting.

Og likevel. I moderne komplekse og kriseramma samfunn er filosofi viktig, objektivt sett. Han trengst. Og ganske særleg, vil eg meine, dersom filosofane maktar å reflektere over og formidle mellom ulike filosofiske posisjonar og tradisjonar, om dei maktar å forhalde seg opplyst og kritisk til ulike vitenskapar og vitenskapsbaserte profesjonar, om dei maktar å forhalde seg opplyst og reflektert til ulike politiske og samfunnsmessige utfordringar, og om dei også maktar å ta del i det offentlege ordskiftet på ein open og opplyst måte. Ikkje slik at kvar og ein skal gjere alt dette, til kvar tid. Men slik at «lauget» samla sett kan yte sin skjerv på alle desse områda. Det ville vere bra, både for den interne fagdebatten og for den anvendte og samfunnsrelaterte. Og då burde norske filosofar ha ein rimeleg gunstig bakgrunn, historisk sett – jamfør dei fire punkta vi nemnde innleiingsvis. Kort sagt, her er noko å byggje på og noko å ta med seg vidare. Grunn til å stå på!

---

<sup>1</sup> Skirbekk 1995.

<sup>2</sup> Om trekk ved norsk filosofien før Næss, jf Skirbekk 2002b.

<sup>3</sup> *Dagens Nyheter* 4.1.1967, sitert i Skirbekk 2004.

<sup>4</sup> Jf antologien *Praxeology*, 1983, og det tysk-norske bokprosjektet der Dietrich Böhler var med, og som førte fram til antologien *Die pragmatische Wende. Sprachspielpragmatik oder Transzendentalpragmatik?*, 1986.

---

<sup>5</sup> Jf Skirbekk 2007b.

<sup>6</sup> Jf Skirbekk 2010.

<sup>7</sup> Skirbekk 1994.

<sup>8</sup> Sitat og referansar, Skirbekk 1994.

<sup>9</sup> Jf Skirbekk 2002b.

<sup>10</sup> Skirbekk 1994.

<sup>11</sup> Og Serbia vart bomba, i samsvar med NATOs nye strategi, ein strategi som NATO og USA har følgd sidan.

<sup>12</sup> Jf. Skirbekk 1993, *Rationality and Modernity. Essays in Philosophical Pragmatics*.

<sup>13</sup> Jf *Vitenskapsteoretiske fag. En konferanserapport*, NAVF 1976, ISBN 8272160013.

<sup>14</sup> Skirbekk 2010.

<sup>15</sup> ([www.uib.no/svt/21771/historikk](http://www.uib.no/svt/21771/historikk) og [www.uib.no/svt/22281/strategi-2012-2015](http://www.uib.no/svt/22281/strategi-2012-2015)).

<sup>16</sup> Skirbekk 2013.